

BERGSELVA BYGSTAD KRAFT AS
Busseвика 30

1747 SKJEBERG

Vår dato: 13.06.2025

Vår ref.: 202202784-27 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

NVE gir løyve til bygging av Bergselva kraftverk i Sunnfjord kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad daterte 28.02.2022 om løyve etter vannressursloven og energiloven til bygging av Bergselva kraftverk med tilhørende nettanlegg.

NVE gir løyve til etter vannressursloven § 8 til bygging av Bergselva kraftverk. NVE meiner at kriteria i vannressursloven § 25 er oppfylte. Etter vår vurdering er fordelane for allmenne og private interesser større enn ulempene ved tiltaket. NVE gir samtidig anleggskonsesjon etter energiloven til å byggje, eiga og drive elektriske anlegg i kraftverket og for å knytte kraftverket til nettet.

Utbygginga vil gi ein årsproduksjon på 6,2 GWh, som svarer til straumforbruket til omtrent 310 husstandar. Dei øvre delane av Bergselva ligg ovanfor tregrensa og er forholdsvis godt synlege frå Bygstad. Delar av tiltaket ligg i eit viktig friluftsområde og det går ein tursti langs Bergselva. For å redusere dei negative verknadene for landskapsinntrykket, har vi stilt vilkår om korleis utbygginga skal utførast. Vi har også lagt vekt på at alle høyringspartar er positive til prosjektet, gitt dei mildnande tiltaka.

NVE legg til grunn at utbygginga vil medføre negative konsekvensar for naturtypen «fossepåvirket berg», som omfattar den sårbare naturtypen «fosseberg». Vi meiner likevel at slepp av minstevassføring til ei viss grad vil oppretthalde naturtypen sin økologiske funksjon. NVE meiner det er viktig å sikre fleire dagar med overløp for å ivareta nokre av flaumane og dei naturlege endringane i vassføringa, både av omsyn til naturmangfald og friluftslivet ved Skormafossen. NVE har derfor gitt løyve til Bergselva kraftverk med lågare slukeevne enn det vart søkt om.

NVE gir løyve etter vannressursloven og energiloven. Anleggskonsesjonen gjeld for alternativet beskrive i vedlegg 1. Vedtaket og nærare spesifikasjonar er beskrivne i den vedlagde anleggskonsesjonen (202311613-5).

Ei nærare grunngiving for løyva er gitt i vedlagde notat: *Bakgrunn for vedtak*. Merknadene til vilkåra i dette notatet inneheld krav til utforming av anlegget.

Dette løyvet gir ikkje ekspropriasjonsløyve. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelle andre rettshavarar i området.

Orientering av grunneigarar og rettshavarar



NVE ber om at dette brevet med vedlegg så snart som mogleg blir sendt til ramma grunneigarar/rettshavarar. Både eigarar av utbygde og ubygde eigedommar skal varslast. NVE ber om å få ei stadfesting når de har orientert ramma grunneigarar og rettshavarar, med dato for utsendinga.

Før du byggjer Bergselva kraftverk må du:

Søkje om å få vedtak om konsekvensklasse for dam og vassveg

Konsekvensklassen avgjer kva tryggingskrav som blir stilte til planlegging, bygging og drift av kraftverket, og må vere avklart før arbeidet med tekniske planar startar. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på <https://www.nve.no/damsikkerhet-og-energiforsyningsberedskap/damsikkerhet/regelverk/>.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta detaljplanen til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse for dam og vassveg.

Få godkjent detaljplan

Ein detaljplan for miljø og landskap er ei grundig beskriving av tiltaket, og korleis det skal utførast. Anleggsarbeid må ikkje setjast i gang før detaljplanen er godkjend av NVE. Tiltakshavar har ansvar for at detaljplanen er i samsvar med konsesjonen, og dessutan kommunal reguleringsplan og/eller arealplan. NVE sin rettleiar 4/2018 «Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga» og NVE sin digitale rettleiar «Detaljplan for vassdragstiltak – Miljø og landskap» er tilgjengelege på <https://www.nve.no/energi/tilsyn/miljoetilsyn-vassdragsanlegg/>.

Søknad om detaljplan blir send til NVE sitt miljøtilsyn, som vil følgja opp anlegget i plan-, anleggs- og driftfase.

Idriftsetjing

Når kraftverket blir sett i drift, skal følgjande skjema fyllast ut og blir sendt til NVE: «Melding om idriftsetjing nye vasskraftverk eller opprustings- og utvidingstiltak i eksisterande kraftverk».

Skjemaet er tilgjengeleg på <https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>

Kraftverk med generatoryting over eller lik 100 kVA har registreringsplikt etter skattelovgivinga. All kraft produsert i slike anlegg er også avgiftspliktig. Meir informasjon finst i «Årsrundskriv for avgift på elektrisk kraft», tilgjengeleg på <https://www.skatteetaten.no>.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Ylva Bencze Rørå
fagleiar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

**Vedlegg**

- Bakgrunn for vedtak
- Vassdragskonsesjon etter vannressursloven
- Anleggskonsesjon etter energiloven

Mottakerliste:

BERGSELVA BYGSTAD KRAFT AS

Kopimottakerliste:

STATNETT SF

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest

TELENOR NORGE AS

BKK AS

Sametinget / Samediggi

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Grunneiere/rettighetshavere

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

SUNNFJORD KOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Bård Moberg



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.